

Sterk opning med Emilie

23.01.2015



Superdebutanten kjem

Leiinga for Festidalen smir mens jarnet er gloheitt. Sist helg vart Bærumsjenta Emilie Nicolas dobbeltvinnar i utdelinga av Spellemannsprisen. Ho var både årets popartist og årrets nykommar. Avisene har konstatert at ho har truffe blink på fyrste forsøk. Det samme har festivalleiinga i Uskedalen tydelegvis gjort ved å engasjera henne.

Då ho fekk terningkast 5 i VGs oppslag om debutplata skreiv avisat Emilie Nicolas Kongshavn har vakse hyperraskt inn i den kollektive bevisstheit som heiter popmusikk. Avisa har ein lyrisk formulering der det heiter at stemmen er varm og at melodiane flyttar seg frå varmegrader til nattefrost og at plata er nydeleg, gjennomtenkt, mjuk og avbalansert. Det er sjeldan ein nykommar får slike attestar.



Veteranane kjem

Når ein i tillegg veit at dei to andre som førebels er engasjert av bookingsjef Daidalos og hjelparane hans er veteranane deLillos og rapparane Jaa9 og OnklP er det dekning for å berømma han for ein knallsterk opning. Det er særdeles spanande å venta svaret på spørsmålet: Kva vert det neste?
Ikkje minst vert det spanande å venta på høgdepunktet i **ROCKEFESTIVALEN FESTIDALEN**.
For arrangørane har vel ikkje gløymt kva festivalen eigentleg er?

Også strategisk og økonomisk tyder alt på at Festidalengjengen har dei rette grepene alt no. Vi tenkjer ikkje minst på at deLillos er opningsbandet på laurdag. Her ligg det an til ein sterk opning også når det gjeld publikumsoppslutnad på dag nummer 2.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen



- og rapparane kjem!